

Administrasjonsutvalet

Møteprotokoll

Møtedato:	18.05.2026
Møtestad:	Øygarden rådhus - Kultursalen
Møtetid:	Kl. 13:00 - 15:30

Medlemer som møtte	Parti
Jostein Marøy	Akademikerne
Marianne Sandahl Bjørøy	Arbeidarpartiet
Nils Kåre Skoge	Høgre
Josefine Gjertine Bergstrøm	Kristeleg folkeparti
Solveig Dale Rong	LO
Jan Utkilen	Sotralista-TVØ
Marianne Rosenvold	SV - Sosialistisk Venstreparti
Vibecke Hodnekvam	UNIO
May Britt Hansen	YS

Medlemer med forfall	Parti	Vara som møtte	Parti
Anita Garlid Johannessen	FrP	Kristin Børve Jacobsen	FrP

Møteleiar	Nils Kåre Skoge
Møtesekretær	Grethe Bergsvik

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel	Uoff
007/26	Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll	
008/26	Referatsaker og orienteringar	
009/26	Sjukefråvær per mars 2026	
010/26	Handlingsplan for likestilling (GEP) – orientering og innspel	
011/26	Revisjon varslingsrutine Øygarden kommune 2026	
012/26	Avvikstatistikk 1. kvartal 2025 og 1. kvartal 2026	
013/26	Spørsmål	

007/26: Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll

Forslag frå kommunedirektøren

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik den ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

Administrasjonsutvalet 18.05.2026

Behandling i møtet

Votering

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Administrasjonsutvalet 18.05.2026 - saksnr. 007/26

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik den ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

008/26: Referatsaker og orienteringar

Forslag til vedtak

Eventuelle referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Administrasjonsutvalet 18.05.2026

Behandling i møtet

REFERATSAKER

Det var ingen merknader til referatsakene.

ORIENTERINGAR

- Status bruk av Safe Choice i behandling av langtidsjukemeldte v/Gerd Kvale og Eirik Søfteland:
 - Har gjennomført pilotar med forsikringsselskap som har ulike uføreløysingar (Tryg, Frende, Storebrand og Gjensidige) med gode resultat. Har også pilot med Bergen kommune, Betanien og Norce, i tillegg til Øygarden
 - I Øygarden kommune: 30 tilsette fordelt på 19 leiarar har teke kontakt med Safe Choice.
 - Satsar på raske avklaringar på om den tilsette er aktuell for behandling gjennom Safe Choice - både for dei som er aktuell og dei som ikkje er aktuell.
 - Førebels data viser gode resultat for dei som er, og har vore i behandlingsløpet.

- Status Reinhald i barnehagar - innverknad på sjukefråvær v/Trond Heggstad og Stian Wikram Johansen
 - Starta med reinhaldspiloten hausten 2025 for å redusere smitte og sjukefråvær. Testa i ein konkret barnehage.
 - Starta ei arbeidsgruppe med tilsette på både reinhald og i barnhagen kor det har vore gjennomført månadlege statusmøter.
 - Ønsker å fortsette prosjektet i barnehagen ut 2026, og deretter skalere opp til andre barnehagar dersom resultata er gode.
 - Målingane seier ingenting om kva bakteriar som ligg på måleflata, men resultata viser stor endring frå start. Reinhald med godt fuktig mikrofiberklut viser gode resultat på målingane.
 - Eit av resultata er også at bruken av kjemiske vaskemiddel i dagleg reinhald utført av dei tilsette i barnehagen er gått ned
 - Ser førebelse effekt på kortidsfråværet både hos dei tilsette og barna.

Det var ingen merknader til orienteringane, men medlemmane stilte ein del spørsmål som dei fekk svar på.

Presentasjonane ligg ved saka.

Votering

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Administrasjonsutvalet 18.05.2026 - saksnr. 008/26

Eventuelle referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

009/26: Sjukefråvær per mars 2026

Forslag til vedtak

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) og Administrasjonsutvalet (ADMU) tek sjukefråværsrapport for perioden til orientering.

Behandling i møtet

Orientering om nytt tiltak i forsterka sjukefråværs-handtering i utvalde saker v/Anne-Merete Vabø Haugane

- Innsikt: det er auka fråvær også nasjonalt, vår kommune er i omstilling, rutinar vert ikkje fulgt godt nok av alle leiarar, relasjon mellom tilsett og leiar er for dårleg/evt for god (tek ikkje tak i utfordringane), det er eit spisskompetanse-behov hos leiar som HR kan bidra med
- Tilgjengelege verktøy er rutiner, opplæring, spisskompetanse-kapasitet, kontroller-funksjon for tettare oppfølging med dialog, samtaler og utprøving av forsterka tiltak med hjelp frå HR.

Votering

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Administrasjonsutvalet 18.05.2026 - saksnr. 009/26

Administrasjonsutvalet vedtek:

Administrasjonsutvalet (ADMU) tek sjukefråværsrapport for perioden til orientering.

010/26: Handlingsplan for likestilling (GEP) – orientering og innspel

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Administrasjonsutvalet tek saka om handlingsplan for likestilling (GEP) til orientering.

Administrasjonsutvalet kjem med følgjande innspel til det vidare arbeidet:

-
-

Administrasjonsutvalet 18.05.2026

Tilleggsforslag Marianne Sandahl Bjørøy Ap

Tillegg i kapittel 2, siste kulepunkt - legg til mangfold slik at setningen blir:
Leiing som fremjer likestilling og mangfold

Behandling i møtet

Før saka vart teken opp til drøfting gav June Johannessen ei introduksjon til saka:

- Bakgrunn for handlingsplanen og kva krav som vert stilt til innhald og form
- Kommunen har pr i dag ei rekkje rutiner som tek i vare krava til ein handlingsplan, men vil samanfatta desse i ein ny og konkret handlingsplan for likestilling
- Det vert også presisert at likestilt arbeidsliv gjeld alle formar for likestilling i arbeidslivet. Det er ikkje berre tale om likestilling mellom kjønna, men også individuelle forhold.

Votering

Innstillinga vert samrøystes med tilleggsforslag frå Marianne Sandahl Bjørøy.

Vedtak i Administrasjonsutvalet 18.05.2026 - saksnr. 010/26

Administrasjonsutvalet vedtek:

Administrasjonsutvalet tek saka om handlingsplan for likestilling (GEP) til orientering.

Administrasjonsutvalet kjem med følgjande innspel til det vidare arbeidet:

- Tillegg i kapittel 2, siste kulepunkt slik at setninga blir:
Leing som fremjer likestilling og mangfold

011/26: Revisjon varslingsrutine Øygarden kommune 2026

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Arbeidsmiljøutvalet tek saka til orientering og har ingen merknader/ desse mekrkandane:

Arbeidsmiljøutvalet 04.05.2026

Behandling i møtet

Votering

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet 04.05.2026 - saksnr. 014/26

Arbeidsmiljøutvalet vedtek:

Arbeidsmiljøutvalet tek saka til orientering og har ingen merknader før drøfting.

Administrasjonsutvalet 18.05.2026

Behandling i møtet

Votering

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Administrasjonsutvalet 18.05.2026 - saksnr. 011/26

Administrasjonsutvalet vedtek:

Administrasjonsutvalet tek saka til orientering og har ingen merknader.

012/26: Avvikstatistikk 1. kvartal 2025 og 1. kvartal 2026

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Administrasjonsutvalet tek avviksstatistikk for 1. kvartal 2025 og 2026 til orientering.

Administrasjonsutvalet 18.05.2026

Behandling i møtet

Merknad til avviksrapporten: Avvik på medisinhandtering er ikkje teke med i denne statistikken.

Oppdatert avviksstatistikk på medisinhandtering vart orientert om i møtet og vert lagt til i denne saka.

Votering

Innstillinga vart samrøystes vedteken med tillegg om at avviksstatistikk på medisinhandtering mangla.

Vedtak i Administrasjonsutvalet 18.05.2026 - saksnr. 012/26

Administrasjonsutvalet vedtek:

Administrasjonsutvalet tek avviksstatistikk for 1. kvartal 2025 og 2026 til orientering, med merknad om at avviksstatistikk på medisinhandtering mangla.

013/26: Spørsmål

Forslag til vedtak

Spørsmål med svar og innspel i saka vert teke til orientering.

Behandling i møtet

Spørsmål frå Jostein Marøy (AKA) i sist ADMU-møte 02.03.26:

"Gjelder avlønning av deltidsansatte som arbeider mer enn stillingsbrøken i arbeidsavtalen tilsier.

Akademikerne tenker at orienteringen bør belyse følgende pkt:

- Hvor stort antatt omfang er dette pr år i Øygarden kommune? Hvordan fordeles dette på de ulike kommunalsjefsområdene?
- Er det mulig å stipulere bruk siste tre år?
- Er situasjonen nå slik at arbeidsgiver bør vurdere å avslutte bruk av deltidsansatte, mer enn stillingsstørrelsen? "

Som svar frå arbeidsgjevar i dette møtet vert det lagt til eit notat om status på ovannemnde tema i denne saka.

Vidare vil administrasjonen ved HFK gi Adminstrasjonsutvalet oppdatert orientering i neste ADMU-møte 12.10.26 om status i den pågåande saka i EU og Norge om deltidstilsette sin rett til overtidsbetaling når dei arbeider meir enn stillingsprosenten sin.

Vedtak i Administrasjonsutvalet 18.05.2026 - saksnr. 013/26

Spørsmål med svar og innspel i saka vert tekne til orientering.